

---

**Fra:** Haakon Aase <haa-aase@online.no>  
**Sendt:** 28. oktober 2016 13:17  
**Til:** Eirik Bouwer Utne  
**Emne:** Steinhus på Bustølen

Hei!

Eg reknar med at du har registrert det vesle steinhuset på Bustølen, gnr 24 bnr 3, som nokså nær våningshuset, og tett opp mot naboeigedomen! Eigar: Jorun Espetvedt. Det har ein veldig spesiell skade ved at heile gavlen mot sør har losna frå sideveggene og fått ei tydeleg helling utover. Slik har huset stått i mange år. Eg har fått ein førespurnad frå eigaren om å koma med framlegg til tiltak.

Eg tenkte berre eg skulle spørja deg om dette huset har vore omtalt i samband med kulturminneplanen, evt. kome med i den samanheng. Eg vil jo glatt seia at huset er verneverdig, men finst det noko «utsegn» frå kommunen eller andre som stadfestar det?

Beste helsing  
Haakon